

Referat frå styremøte i Rogaland bygdekvinnelag 15.10.24

Til stades: Ingrid Haugstad Haaland, Ann Karin Hammer, Rita Aase Austvoll, Margrete Tytlandsvik, Astrid Skretting, Anne Kristine Lilleskog Andersen, Åse-Berit Fidjeland og Roar Nedrebø (RBU), Kristin Kirkeberg Hansen (Imsland BK på Meet under sak 21/2024) og Gisken K. Hareland (valnemnda under sak 21/2024 og 22/2024)

Meldt forfall: Valborg Roalkvam Sandal, Anna Laurentse Søyland og Reinert Idsø

Saksliste:

Sak 01/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjendt

Sak 02/2024 Gjennomgang av referat frå førre styremøte
Godkjendt

Sak 21/2024 Årsmøte 2025: Skjold og Imsland bygdekvinnelag
Ein gjekk gjennom retningsliner for årsmøte, og dei er sende på e-post til Kristin og Anne Kristine
- det er viktig å vita kva for eit lokale ein skal bruka for arrangørlaga
- eit tips: Begynn tidleg å selja annonsar, for det kan ta tid
- leiarane i lokallaga tar kontakt undervegs om dei har spørsmål, og distriktsstyret held kontakten

Sak 22/2024: Valnemnd

- * Margrete er på val og går ut, sone 4, føreslår Jannecke Wijgergangs (Hjelmeland)
- * Åse-Berit (nestleiar og sekretær) er på val
- * Leiar(ane) og nestleiarane må veljast for eitt (1) år etter ev. val i styret for to (2) år
- * Vararepresentantar for eitt år
- * Eitt medlem til valnemnd for tre (3) år, og neste år to nye medlem for tre år
- * Honorar (bør kasserer/økonomiansvarleg og sekretær få kompensasjon?)
- * Ordstyrar m/vararepresentant

Sak 04/2024 Økonomioversikt
Ingrid orienterte om økonomien pdd.

Sak 20/2024 Lokallagssamling hausten 2024

Ein siste gjennomgang...

Margrete og Astrid: Gevinstar og utlodning, ti - tjue gevinstar, kr. 25 pr. lodd.

Vipps? Ingrid sjekkar med banken om me kan oppretta det

Rita og Anne Kristine: Underholdning: Allsang med gitarakkopagnement v/Anne Kristine, segn frå Skjold, konkurranse

Bygdeungdomslaget: Vil gjerne ha litt tydelegare føringar: Tips til lokallaga for å føra ein oversikteleg rekneskap, mange slit med å få kasserar, gode standard skjema, økonomi - kva som er godt nok, gode referat, godt styrearbeid, retningsliner for møta/organisasjonsutvikling

Sak 06/2024 Årshjul oktober (denne månaden)/arbeidsplanen:

Kalla inn lokallaga som skal arrangera årsmøte

Kalla inn leiaren i valnemnda (Gisken Hareland)

- sjå sak 21/2024 og 22/2024

Sak 14/2024 Gjennomgang av retningslinjer for styret sitt arbeid

Halda fram gjennomgang av styrepermen med retningslinjer, sjå vedlegg 4;
Retningslinjer for leiarmøte i Rogaland bygdekvinnelag kjem me ev. attende til

Sak 03/2024 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallag:

Ingrid: Veldig gildt å vera med på årsmøte (6). Lokallaga er like, men ulike. Har vore på lønsj på Gamlaverket saman med Ann Karin - full salgs pakke med historie, sjel og godt kjøkken, og døme på De Historiske Hotel & Spisesteder

Ann Karin: Har vore i kontakt med alle i sona som ikkje er påmelde til lokallagssamlinga; Heskestad kjem nok, Lund skal ha kurs som kan gå inn i *Nøysom*.

Anne Kristine: Del på oppgåvene! Dra lasset saman! Det er viktig at nokon lyttar når ein treng det! Laga i sona er aktive på kvar sine måtar. Har ikkje fått kontakt med Skåre BK endå, men prøver vidare!

Lysbiletepresentasjon om året som har vore vart tatt opp i styret før årsmøtet, og så blir årsmeldinga "lagt ved". Skjold viser seg i bygda slik at alle veit kven dei er og vil ha dei med ved seinare høve.

Rita: Skal på to årsmøte, Sandnes og Sola, og er med i 100-årskomiteen.

Astrid: Har vore på årsmøte på Nærbø, og i kontakt med Silje og skal få meir informasjon om kontaktperson og ev. påmelding til lokallagssamling. Har vore på teamsmøte med bondelaget.

Margrete: Har vore på årsmøte til Erfjord og Hjelmeland som er aktive lag. Ropeidhalvøya er aktive på FB.

Rogaland bygdeungdomslag v/Roar - RBU er ferdige med årsmøta og haustkursera (60 personar i Farsund). Tre lokallag ville ikkje meir, men to vart redda... Vonlegvis kjem det siste òg i gang igjen. Dei har det dei kallar lokallagsutviklar. På haustarrangementet vart det berre to tevlingar utan pallplass!

RBU skal ha aksjonsveke i slutten av oktober om psykisk helse - å sjå kvarandre. Natt til 28. skal det gjerast sprell! Fint om BK kan vera med og hjelpa om nokon spør om hjelp (Varhaug). Det blir julemøte og dei vil ta kontakt med det lokale BK om å koka graut, og skal snart ha fylkesårsmøte.

Det er landsstemne om to år i Rogaland - på Klepp eller Nærbø? Dei vonar på dugnadshjelp frå RBK. Skulle vore i 2020 og 2021, etter siste gong i 2011.

Studieforbundet v/Rita - Prøver å læra og læra og læra. Rogaland skal ha fysisk møte i november.

Gode tips

- Time BK lagar infolapp til kvart møte med aktuell info frå lokallagsstyret, RBK og NBK p.t., dvs. litt pø om pø.
- Hugs å ta kontakt med distriktsstyret så tidleg som mogleg om ein lurar på noko eller treng litt hjelp, for det kan vera ein kan få gode råd og støtte.
- Du får støtte om kurset i *Nøysom* er ope for alle aldrar, t.d. for 4H.